# Arm Wars-gutane står over NM

*Frode Veim Haugland slo ein sølvvinnar frå VM i Arm Wars-tevlinga i Las Vegas.*

*Ronny Risøen vann begge kampane mot amerikanske Kevin Harris. (Privat foto)*

**Denne helga går NM i handbak av stabelen på Gardermoen. Os Håndbakklubb stiller med 13 utøvarar, men Arm Wars-gutane glimrar med sitt fråvær.**

Kenneth Svenningsen
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

– Det vert første NM på mange år at eg ikkje deltek. Det er kjedeleg, for det bruker å vera veldig morosamt, seier *Frode Veim Haugland.*

24-åringen har åtte NM-titlar, men må denne gongen følgja tevlinga på internett.

– Eg har byrja å jobba i olja og må vera i Nordsjøen dei neste vekene, seier Haugland.

## Knall i Las Vegas

I lag med *Ronny Risøen* og *Asle Kvamsdal* var han sist helg på eit Arm Wars-stemne i Las Vegas. Osingane gjorde det svært bra.

– Me fekk mykje skryt av arrangørane. Dei vil ha jamne og tøffe kampar, og det bidrog me til alle tre, seier Haugland.

Sjølv møtte han tidlegare VM-sølvvinnar *Steve Rau.* Her vart det ein siger og eitt tap.

– Han var ein seig j.., men eg vann til slutt 4-2 i venstre arm. I høgre arm sleit eg med smerter i albogen og måtte til slutt tola 2-4-tap, seier Haugland.

Han har fått eit spesielt forhold til spelebyen i USA.

– Det er utruleg morosamt å tevla der. Mykje folk som følgjer sporten og god stemning.

Om to år skal Frode tilbake for å bli verdsmeister.

– Ja, det har eg jo sagt i avisa her, så då får det vel bli sånn, humrar Haugland.

## To sigrar

Ronny Risøen gjorde det også svært bra i Arm Wars-stemnet. Osingen gjekk to kampar mot amerikanske *Kevin Harris* og vann begge.

– Ronny vann 4-2 i høgre og 4-3 i venstre. Veldig bra av Ronny. Dessverre pådrog han seg ein skade i skuldra og må difor stå over NM på Gardermoen, fortel Haugland.

Heller ikkje Asle Kvamsdal blir med i NM denne helga.

– Asle gjekk uavgjort i begge kampane i Las Vegas. Han fekk mykje skryt for innsatsen. Ettersom han skal ut i eit nytt Arm Wars-stemne om ikkje så lenge, står han over NM, seier Haugland.

## 13 utøvarar

Men sjølv om tre sterke gullkandidatar glimrar med sitt fråvær, har Os Håndbakklubb ifølgje Haugland gode sjansar til å vinna lagkampen i NM.

– Me har jo vore svært så suverene dei siste fire-fem åra. I år stiller me med heile 13 utøvarar. Med litt medgang trur eg klubben vinn lagtevlinga også i år, seier Haugland.

Dei 13 som kjempar om titlar, heider og ære denne helga er juniorane *Joakim Moberg Loky, Anders Kolle, Rune Bårøy, Erlend Hjertholm, Remi Fjæreide og Eivind Bøe Johannessen,* samt seniorane *Tore Matre, Arne Thuen, Øyvind Birkeland, Espen Bastiansen, Robert Gravdal, Espen Tollaksvik* og *Kjell Robert Stokka.*

# Full fart!

Strandvik har hatt eit prøveprosjekt gjennom Hordaland idrettskrins i to år, med aktivitetar gjennom SFO og idrettsskule. Søndag var det siste dag med born og vaksne til stades, med leik og moro.

– Poenget er å få ungane i meir fysisk aktivitet. Her viser me korleis ein kan få det til, med varierte leikar og enkle verkemiddel, fortalde *Britt Karen Spjeld* frå idrettsskulen i Eikelandsosen.

*Sjølv om det ikkje synst så godt på dette biletet, var det hoopp og sprett heile dagen til endes.*